

## Årsmelding 2015 for Bygdelaget Sunnhordlendingen.

Referat frå Årsmåtet 2015 onsdag 28. Januar kl 20.00 hjå Kirsti og Lars Olav.

Til stades 6 medlemer: Britt, Anne Sofie, Kari, Olav Bjørgen, Kirsti og Lars Olav.

Innkalling gjekk ut i desember i Sunnavind og på internett. Innkalling godkjend.

1. Årsmelding for 2014 gjennomgått og godkjend.
2. Rekneskap for 2014 gjennomgått og godkjendt.
3. Medlemskontingent for 2015 vedtatt til kr. 200.
4. Drift av hytta diskutert. Overnttingspengar vil bli justert opp med ca. 25 %. Valg:

Formann: Lars Olav Tveita

Kasserar: Vegard Tveita Havikbotn

Skrivar: Jan Steinar Urdshals

Styremedlem: Ronny Nedrevåg

Varamedlemer: Olav Bjørgen, Inga Tveito, Britt Hegdal

Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik, Atle Tornes

Rådet:

Atle Tornes 5 år

Kirsti Havikbotn 4 år

Anne Sofie Totland 3 år

Olav Bjørgen 2 år

Kari Aarbakke 1 år

Årsmøtet var einaste lagsaktiviteten i 2015.

Sunnabu var leigd ut til eksterne i vinterferien 2015. Det var ikkje nokon respons frå andre medlemer enn formannen med familie på opmodingar i Sunnavind på å bruke hytta. Det var mildt sagt rikeleg med snø, og fleire ganger måtte vi rykke ut for å måke snø av taket. Det er utført vanleg vedlikehald av takstein og utvendig kledning. Utover hausten vart det utført eit større arbeid med å slå saman soveromma i gamlehytta, isolere tak og yttervegger på dette nye soverommet og panele det med kvite MDF-plater. Det er også sett inn to nye vindu der. I samband med dette arbeidet, var hytta i bruk 14 helger i august-desember.

Sidan "matbua" no forsvant, er det kjøpt inn eit større kjøleskap.